

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 24. mars 2006 etter delegasjon i brev 26. september 2005 frå Utdannings- og forskingsdepartementet med heimel i lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2006

Gjeld til 31.07.2018



Utgått

## Føremål

Programfaget gjev grunnlag for å forstå kor viktig trykkteknikken og fotografiet er som eigne uttryksmiddel og som uttrykk for kulturstraumar. Trykkjemetodar har gjort det mogleg å mangfalde tekst og bilete på ein effektiv måte. Programfaget har òg eit kunstnarleg perspektiv der personleg uttrykk står i sentrum.

Gjennom skapande arbeid med foto, trykk og grafiske teknikkar skal den einskilde få høve til å utvikle eige uttrykk og kunnskap om og ferdigheit innan visuell kommunikasjon.

Opplæringa i programfaget skal pregast av utprøving av materiale, teknikkar og arbeidsmåtar i verkstader. Møte med foto og trykk av sentrale utøvarar, både kunstnarar og handverkarar, vil òg kunne vere eit viktig korrektiv og inspirasjon til eiga verksemd.

## Struktur

Programfaget er strukturert i hovudområde som det er formulert kompetansemål for. Hovudområda utfyller kvarandre og må sjåast i samanheng.

Oversikt over hovudområda:

Programfag	Hovudområde
Trykk og foto	Grafisk uttrykk   Teknikk og materiale   Foto, grafikk og samfunn

## Hovudområde

Hovudområdet grafisk uttrykk omfattar grafiske verkemiddel som blir nytta i skapande arbeid. Teikning, foto, skrift og digitale verktøy står sentralt. Overføringsmetodar frå bilete til grafisk uttrykk er vesentleg i hovudområdet. Utarbeiding av layout for ulike formål høyrer òg med.

Hovudområdet *teknikk og materiale* omfattar trykkjeprosessar på ulike underlag og teknikkar for overføring av motiv til trykk. Fotografiske teknikkar og reproduksjon står sentralt. Bruk av miljøvennleg materiale og utstyr er òg med i hovudområdet.

Hovudområdet *foto, grafikk og samfunn* omfattar foto som reportasje, dokumentasjon og kunstuttrykk, og rolla til det masseproduserte biletet i samfunnsdebatten. Særtrekk i grafiske uttrykk frå ulike kulturar er sentralt i hovudområdet. Bokkunst, illustrasjon og arbeid av sentrale grafikarar, grafiske designarar og tekstilkunstnarar høyrer med.

## Timetal

Timetalet er oppgjeve i einingar på 60 minutt.

Trykk og foto: 140 årstimar

## Grunnleggjande ferdigheiter

Grunnleggjande ferdigheiter er integrerte i kompetansemåla, der dei medverkar til å utvikle fagkompetansen og er ein del av han. I formgjevingsfag forstår ein grunnleggjande ferdigheiter slik:

Å *kunne uttrykkje seg munnleg* i formgjevingsfag inneber å bruke fagterminologi i samband med arbeid i verkstad og bruke fagomgrep i samtalar, presentasjonar og diskusjon om eige og andres arbeid.

Å *kunne uttrykkje seg skriftleg* i formgjevingsfag inneber å bruke teikn, bilete og symbol i visuelle uttrykk. Skriftleg og visuell kompetanse blir utvikla når fakta, idear og haldningar blir omsette til teikn.

Å *kunne lese* i formgjevingsfag inneber å undersøkje, tolke og bruke informasjon frå tekst og estetiske uttrykk i bilete, arkitektur, design og bruksform. Det vil òg seie å nytte medium, arkiv, samlingar, bibliotek og røynsle frå arbeid i verkstad til å auke den faglege forståinga.

Å *kunne rekne* i formgjevingsfag inneber å berekne målestokk, form, proporsjonar, volum og dimensjonar i produktutvikling. Det er òg sentralt i samband med geometri, perspektivteikning og aksonometri.

Å *kunne bruke digitale verktøy* i formgjevingsfag inneber å bruke informasjonsteknologi knytt til skapande arbeid, visuell kommunikasjon, layout, presentasjon og dokumentasjon.

## Kompetansemål

### Grafisk uttrykk

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- bruke ulike visuelle verkemiddel i skapande arbeid
- bruke teikning, foto og skrift i arbeid med å utvikle trykk
- bruke og vurdere valør og farge, flate og romlege verkemiddel i grafiske uttrykk
- manipulere og overføre bilete ved hjelp av digitale verktøy
- dokumentere eige grafisk arbeid og følgje rutinar for signering
- utarbeide layout for ulike føremål

### Teknikk og materiale

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- planleggje og utføre ulike former for trykk
- vurdere om idear, skisser og teikningar eignar seg for reproduksjon
- bruke ulike teknikkar i overføring av motiv til trykk
- utføre trykk på ulike underlag og vurdere resultatet
- bruke ulike fotografiske teknikkar rett
- bruke materiale og utstyr i tråd med retningsliner for helse, miljø og sikkerheit

### Foto, grafikk og samfunn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- gjere greie for rolla til det masseproduserte biletet i samfunnsdebatten

- vurdere foto som reportasje, dokumentasjon og kunstuttrykk
- presentere sentrale verk innanfor bokkunst og illustrasjon
- karakterisere arbeid av sentrale grafikarar, fotografar, grafiske designarar og tekstilkunstnarar
- presentere særtekk i grafiske arbeid frå ulike kulturar

## Vurdering

Føresegner for sluttvurdering:

### **Standpunktvrdering**

Programfag	Ordning
Trykk og foto	Elevane skal ha standpunktarakter.

#### **Eksamen for elever**

Programfag	Ordning
Trykk og foto	Elevane kan trekkjast ut til praktisk eksamen.
	Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

#### **Eksamen for privatistar**

Programfag	Ordning
Trykk og foto	Privatistane skal opp til praktisk eksamen.
	Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Dei generelle føresegnene om vurdering er fastsette i forskrift til opplæringslova.